



Saksframlegg

Implementering av rammeplan for kulturskolen i Fyresdal kommune

Utval	Utvalssak	Møtedato
Hovudutvalet for oppvekst, kultur og omsorg		
Kommunestyret		

Endeleg vedtaksrett i saka har kommunestyret

Dokument i saka:

Rammeplanen «Kulturskule for alle» kulturskulerådet 2025.

[Rammeplan - Kulturskulerådet](#)

Bakgrunn for saka:

Kulturskolen tilbyr aktivitetar og opplæring av høg kvalitet innafor kunst- og kulturfag og har eit mangesidig kunst- og kulturoppdrag. Kulturskolen bidrar mellom anna til god folkehelse og til å redusere sosiale helseforskjellar.

I Fyresdal ligger kulturskolen under kulturavdelinga, med avdelingsleiar kultur som ansvarleg for dagleg drift. Vi har ikkje eigen kulturskulerektor.

Kulturskolen har i dag 1.4 % årsverk fordelt på 6 deltidstilsette, inkl 35% ressurs til korpset. I tillegg ressurs frå avdelingsleiar kultur som fungerer som administrativ leiar.

Pr i dag har vi fylgjande tilbod:

- Kunst og handverk i gruppe
- Dans og turn i gruppe
- Gitar, bass, band
- Orgel
- Piano
- Vokal
- Slagverk
- Musikkproduksjon
- Kor i småsteget
- Tilbod i barnehagen ein gong i veka
- Korps i skulen
- Korps, inkludert junior og aspirant undervisning

Pr. 1.10.25 har vi 31 elevar, som brukar 42 elevplassar, det vil seie at nokon har fleire tilbod samtidig. Vi har ledig kapasitet i alle grupper og fag pr. i dag. Når og viss det er ledig kapasitet, prøvar vi å tilby tenester til flyktingar, SFO og POS.

Denne saken omhandlar ny overordna del av Rammeplan for kulturskolen,

«Kulturskole for alle». Ny overordna del av rammeplanen er eit resultat av at regjeringa ba Norsk kulturskoleråd (nå Kulturskolerådet) om å vurdere endringar i Rammeplan for kulturskolen, i tråd med formålet for kulturskole, slik det er skissert i Meld. St. 18 Oppleve, skape, dele – Kunst og kultur for, med og av barn og unge (kap. 8.2.4).

Kulturskolerådet har utarbeida ny rammeplan. Denne blei formelt vedtatt i Landstinget 17.-18. oktober 2024.

Kulturskolen er ei lovfesta kommunal oppgåve heimla i Opplæringslova kap. 26. Kulturskole, men seier lite om innhald og omfang.

§ 26-1. Kulturskole

Kommunen skal ha eit tilbod om kulturskole til barn og unge, organisert i tilknytning til skolen og kulturlivet

§26-2. Formålet med kulturskolen

Kulturskolen skal leggje til rette for at elevane får delta i ulike aktivitetar der dei får lære, oppleve, skape og formidle kulturelle og kunstnariske uttrykk, i eit trygt og godt skolemiljø.

Rammeplanen legger vekt på inkludering, samarbeid og berekraft, og tydeleggjer kommunens ansvar som skoleeigar. Særleg vektleggjas behovet for eit tett og forpliktande samarbeid mellom kulturskolen og øvrige tenestar innan oppvekstfeltet, som barnehage, grunnskule og fritidstilbod.

Rammeplan for kulturskolen er ein rettleiande plan, som sei noko om korleis kulturskolen kan sjå ut i den enkelte kommune, med utgangspunkt i nasjonale forventningar til kommuneutvikling generelt og til kulturskuleutvikling spesielt.

Rammeplan for kulturskolen er ein plan for beslutningstakarar, leiarar og pedagogisk personale i kommunen – ikkje bare i kulturskolen.

Fyresdal kommune er medlem av Norsk kulturskuleråd.

Fyresdal kommune vedtok ikkje den førre rammeplanen frå kulturskulerådet.

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå i kommuneplanen sin samfunnsdel for Fyresdal kommune 2023-2035.

Strategi for samfunnsutvikling, kultur og frivillige

Legge til rette for aktivitet for alle aldersgrupper, og som gjev tilbod til fleire generasjonar samtidig.

Jobbe for ei meningsfull fritid for alle.

Strategi for oppvekst og utdanning:

Ha eit heilskapleg og likeverdig oppvekstperspektiv frå 0-18 år

Satse på tidleg innsats, inkludering og toleranse som førebyggjande tiltak.

Tverrfagleg samarbeid på tvers av sektorar og kommunegrenser

Ha fokus på barn og unge si fysiske og psykiske helse og livsmeistring

Som kulturskuleeigar har kommunen det overordna ansvaret for kvaliteten i kulturskolen.

Kulturskolen skal vere ein del av kommunen sitt heilhetlege tenestetilbod knytt opp mot oppvekst, utdanning, kultur og helse.

Tema som er tillagt spesiell vekt i ny plan, og som må hensyntakast i Fyresdal kommune sitt planverk framover:

1. Barn og unges medverknad
2. Kulturskolen som samarbeidande aktør
3. Kulturskule for alle
4. Kulturskolen i kommunalt planverk

Kulturskolens organisering

Rammeplanen deles i tre programmer som dannar grunnlaget for kulturskolens

tilbod:

- Kjerneprogram: Grunnutdanning for alle, med vekt på individuelle tilpasningar. (den daglege undervisninga kulturskulen driv)
- Fordypingsprogram: For elever med spesifikke interesser og ambisjonar.
- Breddetilbud: Utadrettede aktiviteter i samarbeid med skule, SFO, helse, barnehage og andre tjenester.

Samarbeid med oppvekstfeltet.

Rammeplanen framhever at kulturskolen skal være tett knytt til grunnopplæringen og bidra til å styrke kreativitet og skaparglede i skulen. Dette forutset:

- Gjensidig kompetanseutveksling mellom kulturskulen og grunnopplæringa.
Felles prosjekt og læringsaktivitetar som stimulerer kreativitet og identitetsutvikling.
- At kulturskulelærarar inkluderast i tverrfaglege læringsfellesskap i kommunen.

Ved å fatte eit vedtak i kommunestyret om at ein ynskjer å styre etter og mot prinsippa i rammeplanen, vil det vere eit signal om kor skuleeigar vil med kulturskulen, og rammeplanen vil då bli eit tydeleg verktøy å styre etter.

Det er eit klart behov for utvikling og nytenking i kulturskulefeltet, så også i Fyresdal.

Konklusjon:

Planen definerer samfunnsoppdraget til kulturskulen. Den skildrar konkrete mål knytt til den praktiske verksemda på ein slik måte at planen vil kunne vere eit hensiktsmessig verktøy for å kunne løyse kulturskulen samansette oppdrag knytt til opplæringstilbod, elevars læring og fordjuping, kulturskulen som kulturinstitusjon og lokalt ressurscenter.

Innstilling frå kommunedirektøren:

Fyresdal kommune vedtar å legge nasjonal rammeplan «Kulturskole for alle» til grunn for sin kulturskuleutvikling.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Hilde Martini Momrak
	avdelingsleiar kultur